



**HAMNSUNDSAMBANDET.** Slik kan Hamnsundsambandet verte. Det som er markert med blått er bruer og det med raudt undersjøisk tunnel. Sambandet vil knytte Haram nærare til ålesundsregionen. I forgrunnen Hamnsund og øya bak er Store Kalvøy.

# Vil ha registrering

Ein kan lett finne automatisk freda kulturminne der Hamnsundsambandet skal byggjast. Derfor tek fylkeskommunen til orde for arkeologisk registrering.

**PLANPROGRAM.** Det går fram av merknaden som fylkeskommunen har sendt til Nordplan AS i samband med utarbeiding av planprogram.

**Potensial for kulturminne.** I brevet peikar plansamordnar Johnny Loen på at fleire av om-

**Ei større vegutbygging vil endre transportmønster og utsleppsforhold både lokalt og regionalt**

råda har potensial for ikkje kjende automatisk freda kulturminne.

Han viser også til ein uttale frå Bergens Sjøfartsmuseum om tilhøvet til marine kulturminne, med varsel om marinarkeologiske undersøkingar.

Behovet for registreringar vil verte vurdert når konkrete planar ligg føre.

**Saknar fokus.** Fylkeskommunen saknar fokus på to sentrale utgreiingstema; lokal og regional utvikling og klima- og energiplanlegging.

Johnny Loen meiner lokal og regional utvikling er tillagt forbausande lite vekt i planprogrammet.

Utviklingsperspektivet burde vere eit overordna utgreiingstema, heller enn ein nærast bortgløymd tema under «andre forhold», skriv han.

Loen skriv at konsekvensutgreiinga bør leggje vekt på gode

analyser av dei samfunnsmessige positive konsekvensane, for å dokumentere kva ein faktisk vil oppnå lokalt og regionalt ved etablering av Hamnsundsambandet.

**Klima.** Klima- og energiplanlegging er ikkje nemnt i det heile i planarbeidet, og er heller ikkje tema for konsekvensutgreiinga.

Ei større vegutbygging vil endre transportmønster og utsleppsforhold både lokalt og regionalt, noko som naturleg bør drøftast som del av ei vurdering av verknader for miljø og samfunn.

Dette bør derfor takast opp som eige utgreiingstema, meiner plansamordnar Johnny Loen.

Det vert i brevet understreka at planprogrammet er eit godt styringsdokument for vidare planlegging og konsekvensutgreiing.